

**Hordaland Fylkeskommune**

Regionalavdelinga

Postboks 7900

5020 BERGEN

**AD: Søknad om utviding av lokalitet 13 566 Storskrebukti med MTB 780 tonn til 1 560 tonn for stamfisk konsesjonane H-OR-17 og H-L-22 samt utvida frå 3 bur til 10 bur 25x25m stålannlegg, ved å slå saman to lokalitetar i Hindenesfjorden - Lindås kommune  
Søknaden gjeld også konsesjon for dyrking av blåskjel ved stamfisklokalitet 13 566 Storskrebukti**

Konsesjon for dyrking av blåskjel er det Ocean Forest AS som er ansvarleg søker, sjå eige vedlegg og følgjeskriv.

Sjøtroll Havbruk (SH) har lang erfaring med produksjon av stamfisk av laks i sjø på lokalitetane 11 565 Øvreås og 11 566 Storskrebukti kvar på MTB 780 tonn. For å få til ei brakklegging mellom generasjonane, ønskjer me å ha ein stamfisklokalitet Storskrebukti i Hindenesfjorden i Lindås og ein lokalitet på Tveitnesvik i Kvinnherad kommune. Dette vert gjort for å få brakklagd lokalitetane fjordane mellom generasjonane og spreia risikoen.

Stamfiskproduksjonen til SH står i å produsera stamfisk av regnbogeaure av stammen AquaGen, denne fisken vert satt ut i oddetalsår ved Storskrebukti og i partalsår ved Tveitnesvik. Den stamfisken som vert tatt på land for produksjon av rogn, vert tatt opp i perioden november til januar og har da stått i sjøen i 19-22 månader. Lokaliteten i sjø vert soleis brakklagd før utsett av ny generasjon.

I forkant av denne søknaden har me vært i møte med Lindås kommune 20.5.2014, samt søknad om utviding av AK-område ved lokalitet Storskrebukti datert 26.5.2014. Svaret frå Lindås kommune på denne dispensasjonssøknaden er vedlagt i vedlegg 6.3.1. SH har også vært i møte med Mattilsynet DK-for Bergen og Omland og informert om planane og me har også tatt dette opp med havbruksseksjonen som driv i området gjennom møte i Nordhordland Fiskehelsenettverk NFN.



Ut frå ovannemnde søker Sjøtroll Havbruk AS hermed om utviding av lokalitet 13 566 Storskrebukti i Hindenesfjorden Lindås kommune til MTB 1 560 tonn og utviding til 10 stk. 25x25m stålbur på to rekkr med 5 bur i kvar rekke. Det vert ikkje auke i produksjonen i Hindenesfjorden da SH samtidig vil leggja ned lokalitet Øvreås i same fjord. Den største forskjellen vert at Hindenesfjorden vert brakklagd i om lag tre til fire månader annakvart år. Årsaken til at ein treng så mange bur er at når ein sorterer ut stamfisken, så kan ein slepe tilbake fisk i ledige bur, utan å måtte ha liggjande lause bur ved sida og at ein dermed reduserer risiko for rømming og det vert redusert handtering av fisken. Treng De ytterlegare informasjon, så ver venleg å ta kontakt med underteikna.

Vedlegg 6.1.1 Kvittering for betalt gebyr  
Vedlegg 6.1.2 Straummåling Storskrebukti  
Vedlegg 6.1.3 a) Sjøkart  
Vedlegg 6.1.3 b) Kystsoneplankart  
Vedlegg 6.1.3 c) Olex kart med fortøyning  
Vedlegg 6.1.3 d) Anleggsskisse  
Vedlegg 6.1.3 d2) Anleggsskisse med blåskjel  
Vedlegg 6.1.4 Undervasstopografi  
Vedlegg 6.1.5 Beredskapsplan  
Vedlegg 6.1.8 Samtykkeerklæring SH  
Vedlegg 6.1.9 IK-system  
Vedlegg 6.2.1 Mom-B målingar  
Vedlegg 6.3.1 Vedtak frå Lindås kommune  
Vedlegg 6.3.2 Risikokartlegging  
Vedlegg 6.3.3 Ocean Forest brosjyre  
Vedlegg 6.3.4 Sikkerhetsstillelse signert  
Vedlegg 6.3.5 IK stamfisk  
Vedlegg 6.3.6 GlobalGap

Bekkjarvik 11.05.2015

Med venleg helsing  
for Sjøtroll Havbruk AS

*Nils Aar Eidsheim*

*for*

Sigfrid Tangen  
Miljøkoordinator Lerøy Vest og Sjøtroll Havbruk